Statens vegvesen

STIAN ANDRE RAUNEHAUG
LEKNESVEGEN 111
5915 HJELMÅS

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| Region vest | Tone Bøyum / 55516792 | 18/105311-2 | | 22.05.2018 |

# Merknad - Nabovarsel - Støttemur mot sjø - Fv. 391 - Gnr. 195 bnr. 71 - Leknesvegen 35 - Hjelmås - Lindås kommune

Statens vegvesen viser til nabovarsel mottatt 09.05.2018.

Vi viser til vår uttale om avkøyrsle og byggjegrense langs veg, datert 07.05.2018 der vi hadde fleire merknader og råd. Til dette nabovarslet er det lagt ved meir detaljerte teikningar.

Nabovarselet gjeld dispensasjon frå plankrav, byggjegrense mot sjø og byggjegrense mot veg. Det er også opplyst at bustaden skal innehalde utleigedel. Dette er nye opplysningar i saka. Vi meiner at alle tiltak på tomta må vurderast samla, og at det er fleire tiltak som må vere meir detaljert før vi kan ta stilling til eventuelle tiltak.

Forutan uttalen vi hadde i vårt førre brev vil vi gjere merksam på følgjande;

- Vi meiner tiltak er planlagt tiltak for nære fylkesvegen. Byggjegrense langs veg er 15 meter. Vi har mellom anna rådd til at garasjen vert trekt lenger vekk frå fylkesvegen.
- Vi er kritisk til den planlagde tilkomstvegen, som ligg tett opp på fylkesvegen. Det er til dømes ikkje synt terrengprofil som syner kva areal som trengs for å byggje denne, heller ikkje om tiltaket krev inngrep i vegkroppen.
- Det vil vere aktuelt å stille krav om trafikktryggingstiltak på og langs fylkesveg.
- Nye teikningar må syne at det er snu- og manøvreringsareal for køyretøy på eigen tomt.

Vi minner om at dersom det er forhold som vedkjem vegvesenet sitt fagområde, skal vegvesenet som vegmynde ha saka tilsendt for uttale etter plan- og bygningslova, eventuelt for handsaming etter veglova.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Tone Bøyum
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ